

**PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

Møte:	6/2012
Tid:	Fredag 7. september kl. 12:00 – 16:00
Stad:	Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Kvassnesvegen 23, møterom

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Per Lerøy, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Nils Marton Aadland
Rådmenn:	Øistein Søvik, Odd Ivar Øvregård, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Vidar Bråthen, Svein Helge Hofslundsengen
NUI:	Rune Heradstveit, Anne Hildegunn Færøy (sak 47/12)
Andre:	Asle Tonstad, Hordaland friomsorgskontor (sak 46/12), Rune Holbæk, Deloitte (sak 47/12) og Asbjørn Algerøy og Vidar Totland, BRB (sak 48/12), Leif Taule, Radøy kommune
Forfall:	Astrid Aarhus Byrknes, Kristin Handeland, Knut Moe, Jarle Landås, Jan Olav Osen og rådmann Gulen

Sak 43/12	Godkjenning møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 44/12	Godkjenning møteprotokoll frå møte 5/2012 Jon gjekk fort møteprotokoll frå 5/2012. Møteprotokollen vart godkjent utan merknadar.
Sak 45/12	Status oppfølgingssaker Vart ikkje gjennomgått – men var utsendt i forkant til alle.
Sak 46/12	Kriminalomsorgen Vest – tilbakeføringsarbeidet Asle Tonstad, tilbakeføringskoordinator Hordaland friomsorgskontor informerte om straffegjennomføring i Bergensregionen, om straffegjennomføring utanfor fengsel, om tilbakeføringsgarantien, og kvifor det er viktig med eit tettare samarbeid mellom kriminalomsorgen, domfelte og kommunane og andre etatar slik at ein er saman om god lauslating. Frå Regionrådet vart det peika på at det er mange utfordringar i grenseland mellom stat og kommune og til andre etatar – og internt mellom ulike statsetatar. Regionrådet er elles veldig positiv til det arbeidet som friomsorgen gjer – og me ser at det er veldig viktig med tett samarbeid mellom friomsorgen og kommunane når det gjeld tilbakeføringsarbeidet. Regionrådet henstiller derfor alle kommunane til å skriva under på samarbeidsavtalen. Vedlegg.

<p>Sak 47/12</p>	<p>Helsehuset – rapport «Forprosjekt Helsehus i Nordhordland» Anne Hildegunn Færøy og Rune Holbæk, Deloitte informerte om prosjektet og om rapporten. Regionrådet berømmer det arbeidet som hittil er utført. Det vert elles vist til rapporten som er sendt ut til alle og til presentasjon i møtet.</p> <p>Hallvard viste til at Gulen har søkt om overføring til HF i Hordaland, men at dei ikkje har fått svar enno.</p>
<p>Sak 48/12</p>	<p>Næringsarealprosjektet. Felles arealplan i regionen innanfor Næring? (jfr. sak 14/12) Asbjørn Algerøy og Vidar Totland innleia med ei oppsummering av dei rapportar, planar og tiltak som ligg føre som t.d. Strategisk Næringsplan for Bergensregionen 2010 – 2014, Handlingsplan for næringsutvikling i Bergen, Handlingsplan for næringsutvikling i Region Vest, Strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim, og Næringslivets arealbehov og lokaliseringspreferansar.</p> <p>Dei understreka viktigeita av at regionane som er tett knyta til Bergen kjem på bana med planar for å møte den veksten ein får i åra framover, både i forhold til næringsareal, men også til busetnad.</p> <p>Hovedstrategi 1: Det anbefales at det legges opp til en hovedstrategi som baserer seg på vekst i byen og omkring knutepunkter / regionsentra.</p> <p>Hovedstrategi 2: Det anbefales at det etableres et formelt interkommunalt plansamarbeid i delregioner. Samarbeidet må ha god forankring og deltaking fra Bergen kommune og fylkeskommunen. Næringsarealplanene som utarbeides må vedtas av den enkelte kommune og inngå i fylkeskommunens overordnede regionale plan.</p> <p>Vidare vart samarbeidet i Region Vest trekt fram som eit flott samarbeid.</p> <p>Regionrådet drøfta saka, og det var full einigheit om å få til ein felles prosess omkring dette.</p> <p>Vedlegg.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✚ Regionrådet i Nordhordland ber om at kommunane initierer eit samordna samarbeid om næringsareal iht. henvendelse frå BRB og rapporten frå Næringsarealprosjektet og at det vert utarbeid ein felles samordna plan for å sikra areal til arealkrevjande verksemder av regional betydning i Nordhordland slik at ein dekker det næringsarealbehovet ein har fram mot 2030. Prosjektet skal ivareta strategien knytt til vekst omkring regionsenteret Knarvik – og aksen Knarvik – Flatøy - Frekhaug. Vidare det som er planlagt på Osterøy i aksen mot Arna. ✚ Regionrådet ber kvar enkelt kommunen om å forankra dette planarbeidet i det arbeidet som pågår i kvar enkelt kommune med ein kommunal planstrategi. Planen må vedtakast av den enkelte kommune og inngå som premiss i fylkeskommunen sin overordna regionale plan. ✚ Regionrådet støttar Rådmannsutvalet i at kommunane lagar ei analyse over område som kommunane kan samarbeida om innan for planområdet og at det vert laga ein felles planstrategi for dette. ✚ Regionrådet ber om at NUI tek initiativ til at prosessen kjem i gong så fort som mogleg. ✚ Regionrådet ynskjer å søkja om skjønsmidlar til planarbeidet og søker kontakt med Bjørnefjordregionen for å koordinera søknadsprosessane.

<p>Sak 49/12</p>	<p>Skulebruksplanen og konsekvensar for vidaregåande i Region Nordhordland Jon gjekk gjennom eit utkast som hadde nokre hovudpunkt med tekst som kunne vera eit grunnlag for vidare diskusjon og felles uttale.</p> <p>Regionrådet var einige om å laga ein felles uttale, og at forslaget Jon presenterte var eit godt utgangspunkt. Det vart understreka at uttalen med fordel kan spissast til det som er aller viktigast.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✚ Rune sender asap ut ein e-post med vedlagt det utkastet som vart presentert i møtet – og med eventuelle andre høyringar / høyringsforslag som er kome inn, og ber om at kommunane kjem med forslag til merknadar – svært gjerne foreløpige høyringsutkast eller høyringar som er klare. ✚ Jon og Rune utarbeidar eit forslag til høyring som vert sendt ut til ordførarane for kommentar. Frist ut neste veke – veke 37.
<p>Sak 50/12</p>	<p>Status «Nordhordlandspakken - E39 Bergen – Nordhordland» Kort orientering om status i NH-pakken frå Nils Marton og Jon. Per stilte spørsmål til prosessen i forkant av val til styret – bl.a. at saka burde vore sendt ut tidlegare slik at ein kunne vera betre førebudd. Dessverre medførte bl.a. oppnemninga til fylkeskommunen (2 menn) samt at Generalforsamlinga sto like for tur, at ein kom i denne tidsskiven.</p> <p>Styreprotokollar frå NH-pakken vert heretter sendt ut til Regionrådet. Vidare vil NH-pakken laga eit manus og ein presentasjon som til kvar tid er oppdatert i forhold til framdrift.</p>
<p>Sak 51/12</p>	<p>Statusrapport frå utvala (helse, nærings- og samferdsle og kultur) Utgjekk, men ein var innom mykje av dette under andre punkt.</p>
<p>Sak 52/12</p>	<p>Meldingar og eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Nasjonal algepilot på Mongstad. Per Lerøy orienterte. Per og Svein Nordvik har hatt eit møte med fylkeskommunen (FK) om prosjektet og dei er svært positivt til dette. Prosjektet legg opp til at staten finansierer det med 50 % og FK og kommunane / regionen finansierer andre halvparten. Fordeling innbyrdes mellom desse er noko me må jobba hardt med. UIB står som eigar av prosjektet, og det vil i løpet av september koma ein søknad til Regionrådet. Sjølve drifta skal finansierast av forskingsmidlar. ▪ Avvikling av Reiselivslaget. Jon informerte kort om status i saka. ▪ Rundskriv om iverksetjing av endringar i kommuneloven. Jon informerte kort, og Regionrådet var einige om at den samhandlinga ein i dag har med Regionråd og Nordhordlandsting foreløpig er vår modell. ▪ Offentleg høyring av framlegg til endringar i inndelingslova. Modalen vil koma med ei høyring og dei vurderer om det er ynskjeleg at Regionrådet skal bidra. ▪ Felles akvakulturplan i Nordhordland? Jon stilte spørsmål om det kan vera aktuelt med felles plan for Nordhordland? Det var det stemning for, og det vart vedteke at Rune inviterer Hans Inge Bruarøy til neste møte me har her i regionen. ▪ Seminar om naturmangfoldslova 3.-4. oktober på Westland hotel. Rune informerte om seminaret som skjer i regi av FMHO (DN betalar) og i samarbeid med NUI. Dette er eit viktig tema i tida framover og det vil vera nyttig for ordførar og rådmenn å delta på seminaret / eller deler av det. Uansett er det fint om kommunane stiller med fagfolk innanfor desse områda.

- **Eldreråd.** Det er kome ein førespørsel frå Tore Svendsen om Regionrådet kan arrangera Eldrerådskonferansen. Dette er ei kommunal oppgåve, og Regionrådet vil ikkje involvera seg.
- **Strategisk samarbeid i Nordhordland om næring og utvikling.** Nils Marton orienterte kort at han har hatt eit møte med Håkon Nesheim og at Nærings- og samferdsleutvalet vil fylgjer opp saka framover. Regionrådet slutta seg til dette.

Vedr. tidlegare RTP-høyring. Nils Marton viste til at han i eit møte med Samferdsleavdelinga hos fylkeskommunen hadde fått tilbakemelding på at dei synest det var vanskeleg å forholde seg både til uttale frå Regionrådet og frå den enkelte kommune når det gjeld uttale til RTP. Regionrådet var einige om å drøfta dette nærmare, men at det normalt må vurderast i frå sak til sak.
- **Helseministeren** kjem til Osterøy og Lindås fyrstkommande tysdag og alle er invitert til å vera med og møta ho ved besøket i Lindås frå kl. 13:15 tysdag 11. september. Frammøte ved Nordhordlandshallen.

Knarvik 13. september 2012

Jon Askeland
Leiar Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit
Dagleg leiar NUI

Vedlegg:

Sak 46/12: Presentasjon frå Kriminalomsorgen

Sak 48/12: Presentasjon frå BRB